

## Musikk på tvers

### 10 år med Polyfon – kva no?

---

## Frode Thorsen er dagens konferansier



Frode Thorsen. Foto: Bjarthe Bjørkum

**Frode Thorsen** er professor emeritus i tidlegmusikk, blokkfløyte og kammermusikk og har sidan 1995 hatt ei sentral rolle i utviklinga av UiBs utdanning og forskning innan musikk, først som mangeårig instituttleder for Griegakademiet, derneist som dekan ved Fakultet for kunst, musikk og design.

Som fagperson og leiar har Frode Thorsen følgd musikkterapiens utvikling dei siste 20 åra tett og han har sjølv bidratt til å byggje vilkår for utvikling. Går vi 20 år tilbake i tid, til 2005, var det vestnorske fagmiljøet i musikkterapi i ein sårbar fase. Det var klart at det ikkje lenger var grunnlag for å drive musikkterapiutdanning i Sogn og Fjordane, men enno ikkje klart om UiB kunne og ville ta i mot studiet.

I den prosessen spelte Thorsen ei avgjerande og konstruktiv rolle. Musikkterapi vart eit universitetsfag i 2006 og Thorsen har vore ein uunnverleg medspelar for mange av dei utviklingsstega som følgde, slik som etableringa av GAMUT i 2006, det femårige integrerte masterstudiet i 2010, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies i 2012, kunnskapsklynga Polyfon i 2015 og det tverrfakultære UiB-samarbeidet om musikk, helse og samfunn i 2024.

Frode Thorsen er ein fagperson og leiar med lang fartstid og stor evne til å tenkje framover. Vi opplever difor at han er den perfekte konferansieren for konferansen som markerer Polyfons jubileum, ein konferanse der vi skal sjå litt tilbake, men mest framover.

I ein kommentar seier Thorsen: «Det er tankevekkende å se hvordan musikkterapien oppfattes som både relevant, interessant og viktig i stadig flere fagmiljøer og yrkesgrupper. Musikkterapien har blitt større enn seg selv kan man kanskje si. La oss bruke jubileumskonferansen til å utveksle visjonære tanker om veien videre!»